



Stiftelsen ms Hamen ex ds Tandik
Postboks 4919, Nydalen
0423 Oslo

Dato: 07.05.2018
Vår ref.: 2017/14816-53
Saksbehandlar: roaland
Dykkar ref.:

Att. Arne Øistein Holm

M/S Hamen - Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2018 - underretting om vedtak

Vi viser til søknaden Dykkar om tilskot til fartøyvern.

Søknaden vart handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte den 24.04.2018, sak 48/18. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving

MS Hamen har fått tilsegn om kr 770.000,- frå Riksantikvaren. Frå Kulturminnefondet har MS Hamen fått kr 60.000,- til Mannskapsmesse nr. 2 og fullføring av messe nr. 1. Vi prioriter ikkje å gje støtte i denne omgang.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.